



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 25. januar 2017 kl. 09.00 – ca. 11.00  
Stad: Formannskapssalen, Kommunehuset  
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Rolf Henning Hegland, Kåre Helge Østrem, Anne Kristin Tonning og Kåre Mestad (vara for Hege Kristine Mjelde)  
Forfall: Hege Kristine Mjelde  
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund (til sak 04/17)  
Frå revisjonen: Espen Hordvik (til sak 04/17) og Frode Løvlie (til sak 05/17)  
Sekretær: Tonje Husum Aarland

---

**01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**02/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 30.11.16 er godkjent.

**03/17 Skriv og meldingar**

a. Vedtaksbrev: Plan for forvaltningsrevisjon, KS sak 089/16, 15.12.16

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

**04/17 Orientering om interne rutinar kring arbeidsgivaravgifta**

Kontrollutvalet fekk i sist møte orientering om interimrevisjon, der eit av punkta var eit gammalt avvik i arbeidsgivaravgifta. Kontrollutvalet ønska å få ei orientering frå administrasjonen om avviket og rutinane rundt dette på neste møte i kontrollutvalet.

Økonomisjef Janne Sund orienterte om interne rutinar kring arbeidsgivaravgifta og om kvifor det har vore eit større avvik i denne. Mellom anna har det ikkje vore gode nok skriftlege rutinar, men dette har vore utarbeida dei siste åra. Kommunen har dialog med Skatt Vest og ventar på rapport. Avviket, eit beløp på 1 mill. kr, er tapsført i 2016. Tapet gjeldt feriepengar av sjukepengar i perioden 2008 – 2012.



**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god orientering.

**05/17 Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik - prosjektplan**

Saksvedlegg: «Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik – prosjektplan», Deloitte AS

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 26. oktober 2016, sak 51/16, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Lindås kommune.

Hovudproblemstillingane er:

- 1) I kva grad har Lindås kommune etablert eit styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredstillar krav i sentrale føresegner?
- 2) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre systemtilgjengelegheit i IKT-systema?
- 3) I kva grad har dei tilsette i kommunen tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?

Rapporten skal etter planen vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2017.

Frode Løvlie frå Deloitte gjennomgjekk prosjektplanen saman med kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for god gjennomgang og vedtar prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik slik den ligg føre.

**06/17 Kontrollutvalet sin årsmelding 2016**

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding for kontrollutvalet

Sekretariatet la fram utkast til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2016. Årsmeldinga skal gå som ei eiga rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Kontrollutvalet gjennomgjekk årsmeldinga og diskuterte utkastet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok årsmeldinga for 2016 slik den ligg føre.

**07/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.



**08/17 Eventuelt**

**A. Ny møtedato**

Kontrollutvalet foreslår ny møtedato til onsdag 8. mars 2017.

**B. Kommunesamanslåingsprosessen**

Sekretariatet orienterte om planar for felles temamøte for kontrollutvala i kommunane Lindås, Meland og Radøy.

**C. NGIR**

Kontrollutvalet ønskjer å få ei omvising på NGIR med orientering om handsaminga av avfall.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek eventuelt til orientering.

Neste møte i kontrollutvalet er 8. mars kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Omvising på NGIR
- Orientering frå rådmannen

Knarvik, 25.01.2017

Peder Jøsendal, leiar

Tonje Husum Aarland, sekretær